

Ungdata junior 2024

Kviteseid kommune



Resultat
Mellomtrinnet 5. - 7. klasse

Rapporten er utarbeidd av Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS sør

Foto: Maskot / NTB Scanpix

Ungdatasenteret

Velferdsforskningsinstituttet NOVA
OsloMet – storbyuniversitetet
Stensberggata 26
Postboks 4, St. Olavs plass
0130 OSLO
67 23 50 00
www.oslomet.no
www.ungdata.no

KORUS sør

Postboks 1 Sentrum
3701 SKIEN
35 90 47 00
www.korus.no

Innhold

	<u>Om rapporten</u>	2
Kapittel 1	<u>Livskvalitet</u>	4
Kapittel 2	<u>Venner</u>	6
Kapittel 3	<u>Foreldre</u>	10
Kapittel 4	<u>Skule</u>	12
Kapittel 5	<u>Lokalmiljøet</u>	16
Kapittel 6	<u>Fritid</u>	18
Kapittel 7	<u>Helse</u>	24
Kapittel 8	<u>Mobbing</u>	30
	<u>Nøkkeltal</u>	32
	<u>Definisjonar</u>	34
	<u>Litteratur</u>	36

Om rapporten

Ungdata junior er eit spørjeskjemabasert kartleggingsverktøy som blir brukt av kommunar over heile landet, der målet er å få ei oversikt over korleis barn på 5. til 7. trinn (10 til 12 år) har det, og kva dei driv med på fritida.

Undersøkinga blir gjennomført på skular og nyttar eit standardisert og kvalitetssikra spørjeskjema som gjer det mogleg å samanlikne barna sin situasjon på ulike stader og over tid.

Denne rapporten presenterer hovudresultata frå undersøkinga som blei gjennomført i Kviteseid kommune våren 2024. Rapporten tek føre seg ulike område knytte til barna si fritid og trivsel. Innanfor kvart tema vil ein få svar på korleis gutter og jenter har det. Nokre av indikatorane viser også endring over tid.

Alle resultata i rapporten er oppgjevne i prosent.

Fleire stader i rapporten blir resultata for kommunen samanlikna med nasjonale tal (Noreg). Desse er baserte på kommunar som gjennomførte Ungdata junior i 2022–2023. Dersom det er gjennomført Ungdata junior tidlegare i kommunen, blir det vist resultat som kan seie noko om utviklinga over tid.

Kva kan Ungdata junior seie noko om?

Målet med Ungdata junior er å kartlegge korleis barn har det og kva dei driv med på fritida. Undersøkinga har spørsmål om livskvalitet, venner, familie, skule, nærområdet, mediebruk, deltaking i fritidsaktivitetar, helse og mobbing. Ved å spørje barn direkte om dette kan Ungdata junior gje ei oversikt over kor mange det er som til dømes trivst der dei bur, eller som driv med ulike typar fritidsaktivitetar.

Resultata må tolkast lokalt, og dei kan gje ein peikepinn på kva for område kommunen bør jobbe spesielt med. Kommunen kan bruke resultata som eitt av fleire kunnskapsgrunnlag for folkehelsearbeid og lokal oppvekstpolitikk.

Resultata frå Ungdata junior kan òg brukast til å gjere barn medvitne om korleis andre barn har det og kva som er vanlege aktivitetar blant barn i alderen 10–12 år.

Meir informasjon

På nettsida ungdata.no finst det meir informasjon om Ungdata og Ungdata junior. Her kan ein få tilgang til forskingsrapportar og nyhendeoppslag som er baserte på Ungdata.

Om undersøkinga

Ungdata junior blir gjennomført ved at skuleelevar over heile landet svarer på eit elektronisk spørjeskjema.

Undersøkinga blir gjennomført i skuletida med ein voksen til stades i klasserommet. Det tek dei fleste under 30 minutt å svare på alle spørsmåla.

Undersøkinga er anonym, og det er frivillig for barna om dei ønskjer å vere med eller ikkje. Alle føresette blir informerte om undersøkinga på førehand og kan seie frå til skulen dersom dei ikkje ønskjer at barnet deira skal delta.

Spørjeskjemaet i Ungdata junior er tilpassa elevar på 5. til 7. trinn. Det finst ei eiga undersøking – Ungdata – for elevar på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring.

Om rapporten

Denne rapporten er ein del av gratistilbodet som blir gjeve til alle kommunar som gjennomfører Ungdata junior. Alle tala er henta frå den lokale undersøkinga, medan tekstane er utforma slik at dei skal passe for alle kommunar. Det er derfor ikkje gjort eigne vurderingar av kva dei konkrete resultata tyder for den enkelte kommunen. Dette er eit arbeid som kommunane sjølv må gjøre, gjerne i samarbeid med andre aktørar.

Kva elevane i Kviteseid kommune synest om å vere med i Ungdata junior. Prosentdel som meiner at utsegnene stemmer



Fakta om undersøkinga i Kviteseid

Undersøkinga blei gjennomført i perioden

Februar til mars

Deltakarar i undersøkinga

Elevar frå 5. til 7. trinn


Talet på elevar som deltok

73

Svarprosent

89

Talet på gutter og jenter som svarte på Ungdata junior i Kviteseid kommune



Kven står bak Ungdata junior?

Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved OsloMet – storbyuniversitetet og sju regionale kompetansesenter innanfor rusfeltet (KORUS) står bak Ungdata og Ungdata junior.

Undersøkinga blir gjennomført i samarbeid med kommunane, som står for den praktiske gjennomføringa på skulane.

Data frå alle dei lokale undersøkingane blir samla i den nasjonale Juniordatabasen. Databasen inneheld svar frå alle som har delteke i Ungdata junior sidan undersøkinga blei gjennomført for første gong i 2017.

Helsedirektoratet finansierer Ungdata junior.

Om tolkinga av resultata

Når ein tolkar resultata, bør ein ta omsyn til at det alltid vil vere ei viss statistisk usikkerheit knytt til dei oppgjevne prosenttala. Usikkerheita er størst i undersøkingar der det er relativt få barn som har svart på undersøkinga og minst i dei store kommunane.

Livskvalitet

Livskvaliteten har nokre objektive sider, som helsetilstand og materiell velferd, og nokre subjektive sider, som oppleving av trivsel, meistring og meinung. Det er ikkje nødvendigvis noko ein-til-ein-forhold mellom dei objektive og subjektive sidene av livskvalitet. Det er derfor viktig å kartleggje både objektive forhold, men også å spørje om opplevingar og vurderingar barna sjølve har hatt.


Livskvaliteten blir utvikla og påverka mellom anna av eigne opplevingar av meistring og meinung i samspel med andre menneske, livshendingar og objektive samfunnsforhold. Barn som har det bra, har ofte eit positivt sjølvbilete. Positive tilbakemeldingar kan bidra til eit positivt sjølvbilete og betre trivsel, medan stadig kritikk kan ha motsett verknad.

I dette kapittelet viser vi korleis barn vurderer livet sitt og kor nøgde dei er med livet sitt for tida – som er eit mål på det vi kallar subjektiv livskvalitet. Eit gjennomgåande funn i Ungdata juniorundersøkingane, er at dei aller fleste barn vurderer livet sitt som bra, og at dei er nøgde med livet. Fleirtalet er også einige i utsegna om at dei har alt dei ønskjer seg i livet. Samtidig viser undersøkinga at det er ein del barn som ikkje meiner at livet er bra.


Kva vi tenkjer og kjenner om oss sjølve er også nært forbunde med livskvalitet. Resultata frå Ungdata junior viser at dei fleste gjev uttrykk for eit positivt sjølvbilete. Det store fleirtalet er einige i utsegna om at dei likar seg sjølve slik dei er.

På nasjonalt nivå er det fleire gutter enn jenter som rapporterer om eit positivt sjølvbilete, og at dei er tilfredse med livet dei lever. Dette er også område der kjønnsforskjellane aukar noko gjennom barneåra.

Kor nøgde barna er med livet sitt for tida. Svar frå ein skala frå 0 til 10



Prosentdel som er nøgde med livet (6 poeng eller meir). Blant gutter og jenter




Kor nøgde barna er med livet

Barna som deltok i Ungdata junior, fekk spørsmål om kor nøgde dei er med livet sitt for tida på ein skala frå 0 til 10, der 0 tyder at dei ikkje er nøgde i det heile tatt, og der 10 betyr at dei er svært nøgde.


Dei som svarer seks eller meir blir rekna som å vere nøgde med livet.

” Dei aller fleste barn tykkjer sjølve at dei har eit bra liv


Korleis barn oppfattar seg sjølve og livet sitt. Prosent som er einige og ueinige i ulike utsegner




**Prosentdel som er einig i at livet mitt er bra.
Blant gutter og jenter**



Prosentdel som er einige i at dei likar seg sjølve slik dei er. Blant gutter og jenter



Prosentdel som er einige i at dei har alt dei ønskjer seg i livet. Blant gutter og jenter



” Dei aller fleste barn gir uttrykk for eit positivt sjølvbilete

**Prosentdel som er einige i spørsmål om korleis barna oppfattar seg sjølve og livet sitt.
I Kviteseid kommune på ulike tidspunkt**



Venner


For dei fleste er venner ei kjelde til leik, glede, støtte, samhøyr og stadfesting. Å vere saman med venner er for mange barn den mest sentrale aktiviteten. Ein god vennskap kan fungere som eit sosialt immunforsvar som kan gjere barn meir robuste overfor ulike utfordringar i oppveksten og såleis fremje helse og trivsel. På lengre sikt er samspelet med jamaldringar viktig for utviklinga av sjølvbilete og sosial kompetanse. Motsett kan fråvær av nære venner, manglande stabilitet i relasjonar med jamaldringar eller einsemd vere ei påkjenning som gjer barn meir sårbar.

Når barn blir spurde direkte, svarer dei aller fleste at dei har venner. Det store fleirtalet er sikre på at dei har minst éin venn som dei kan stole heilt på og snakke med om alt mogleg. I tillegg er det mange som trur at dei har ein slik venn. Nesten alle som er med i Ungdata junior, oppgjev at dei alltid eller som regel har nokon å vere saman med, anten spørsmålet gjeld friminutta på skulen eller fritida. Men dette gjeld ikkje alle. Nokre svarer også at dei som regel har nokon å vere saman med på fritida.


Gutar og jenter har i om lag like stor grad venner dei kan stole på og vere saman med, men fleire gutar enn jenter er sikre på at dei har nokon å vere saman med. Motsett er det fleire jenter enn gutar som ofte opplever at dei er einsame. Dei fleste barna er ikkje ramma av einsemd. Men det er vanleg at barna kjenner seg einsame av og til, og eit mindretal opplever einsemd ofte eller ganske ofte.

Det å oppleve tilhørsle er eit djupt og grunnleggjande behov for dei fleste. Det å ikkje oppleve tilhørsle kan føre til isolasjon og psykiske vanskar. I Ungdata junior spør vi om barna kjenner at dei passar inn blant andre dei bruker å vere saman med. Vi spør også om korleis dei opplever tilhørsle til skulen, noko som blir presentert seinare i rapporten.

Har du minst éin venn som du kan stole heilt på og snakke med om alt mogleg?








Prosentdel som har ein fortruleg venn. Blant gutter og jenter




”Dei fleste barn er sikre på at dei har minst éin god venn som dei stoler heilt på.”

Prosentdel som har ein fortruleg venn. I Kviteseid kommune på ulike tidspunkt



Har du nokon å vere saman med på fritida?**Har du nokon å vere saman med i friminutta på skulen?****Har du nokon å vere saman med på fritida?
Blant gutter og jenter****Har du nokon å vere saman med i friminutta
på skulen? Blant gutter og jenter****Prosentdel som ikkje har venner å vere saman med på fritida og på skulen.
I Kviteseid kommune på ulike tidspunkt**

■ Ingen å vera saman med på fritida ■ Ingen å vera saman med på skulen




VENNER


Kor ofte er du vanlegvis saman med venner heime hos deg eller hos dei?




Kor ofte er du vanlegvis ute aleine eller saman med venner og syklar, står på skateboard, sparkar ball eller liknande?




Prosentdel som vanlegvis er saman med venner heime minst ein gong i løpet av ei veka Blant gutter og jenter



Prosentdel som vanlegvis er ute aleine eller saman med venner og syklar, står på skateboard, sparkar ball eller liknande minst ein gang i veka. Blant gutter og jenter




Prosentdel som vanlegvis er saman med venner heime hos kvarandre minst ein gong i veka . I Kviteseid kommune på ulike tidspunkt




Å vere saman med venner på fritida

Dei aller fleste barn er saman med venner på fritida – anten heime hos kvarandre eller ute ein stad. Det er likevel stor variasjon mellom barna når det gjeld kor ofte dei er fysisk saman med vennene sine.


**Tenk på dei du bruker å vere saman med.
Kjenner du at du passar inn bland dei?**




Kor ofte kjenner du deg einsam? Prosent



**Prosentdel som ikkje kjenner at dei passar inn bland andre dei bruker å vere saman med.
Blant gutter og jenter**



Prosentdel som ofte eller veldig ofte kjenner seg einsame. Blant gutter og jenter




Einsemd

Einsemd er ei subjektiv kjensle som kan oppstå når ein opplever å ha mindre sosial kontakt enn det ein ønskjer, eller at kontakten ikkje er av tilstrekkeleg kvalitet.

Einsemd er ikkje nødvendigvis det same som sosial isolasjon, men personar med eit lite sosialt nettverk eller som ofte er aleine, har gjerne større sjanse for å kjenne seg einsame.

Prosentdel som ofte eller veldig ofte kjenner seg einsame. I Kviteseid kommune på ulike tidspunkt



KAPITTEL 3

Foreldre

For dei aller fleste barn er foreldra og dei føresette dei aller viktigaste omsorgspersonane i barnet sitt liv. Ressursane heime – økonomisk, kulturelt og sosialt – dannar grunnlaget for levekåra, trivselen og utviklinga til barn og unge.

Resultata frå Ungdata junior viser at dei aller fleste barn har svært gode og tette relasjonar til foreldra sine. Det store fleirtalet er nøgd med eigne foreldre, og barna oppgjev at dei likar å vere saman med dei.

Barna rapporterer også gjennomgåande at dei opplever at foreldra er svært interesserte i liva deira. Det at foreldre som regel veit kvar barna er på fritida og kjenner vennene deira, speglar òg dei tette relasjonane dei fleste barn har til foreldra sine.

Samstundes finst det ei mindre gruppe barn som ikkje har like gode opplevingar av foreldra sine. Eit mindretal opplever foreldra som mindre interessert, er misnøgde med foreldra, eller er ikkje spesielt glade i å vere saman med dei. På landsbasis opplever éin av fem barn at foreldra ofte kjeftar på dei.

Barna blei også spurta om kor ofte dei gjer noko kjekt saman med vaksne i familien, og kor ofte dei hjelper til med husarbeid. Dei fleste hjelper til, men det er stor variasjon barna i mellom kor ofte det skjer.


Kor nøgd er du med eigne foreldre/føresette?

Prosent i Kviteseid kommune og nasjonalt




”**Det store
fleirtalet av barn er
svært nøgde med
foreldra sine**


Prosentdel som er nøgde med eigne foreldre/føresette. Blant gutter og jenter



Prosentdel som er nøgde med eigne foreldre/føresette. I Kviteseid kommune på ulike tidspunkt




Prosentdel som er einige eller ueinige i ulike utsegn om eigne foreldre/føresette




Kor ofte gutter og jenter hjelper til med husarbeidet. Prosent



Kor ofte gutter og jenter gjer noko kjekt saman med vaksne i familien. Prosent



Prosentdel som minst ein dag i veka hjelper til med husarbeidet. I Kviteseid kommune på ulike tidspunkter



„ Dei fleste barna hjelper til med husarbeidet. Det er likevel stor variasjon barna imellom kor ofte dei gjer dette

Skule


Skulen er ikkje berre ein stad for læring, men òg ein viktig arena for sosialt samvær med andre barn, lærarar og andre tilsette på skulen. Skulen er ein stad der vennskap blir utvikla – i timane, i friminutta, men også på skulevegen.

Det er derfor eit viktig funn at dei aller fleste barn på mellomtrinnet trivst godt på skulen. Det store fleirtalet meiner at læraren deira bryr seg om dei, og dei fleste barna kjenner at dei passar inn blant dei andre elevane i klassen. Dette er viktige element for oppleving av trivsel og tilhørsle til skulen.

Sjølv om det store fleirtalet av barna trivst godt på skulen, er det ein del barn som gjev uttrykk for at dei ikkje er så nøgde med skulen dei går på. Dette kan skuldast ulike ting, alt frå kvaliteten på bygningane til det sosiale samspelet mellom lærarar og elevar. Nokså mange barn opplever at dei kjedar seg i skuletimane. På nasjonalt nivå oppgjev eitt av fem barn at dei gruer seg ofte til å gå på skulen, og ein del gjev uttrykk for at dei ofte kjenner seg redde når dei skal snakke framfor klassen. Det er fleire jenter enn gutter som uroar seg for desse tinga, inkludert som gruer seg til å ha prøve.


Skuledagen er ikkje alltid slutt når skuleklokka ringjer. Ungdata junior viser at ein god del barn bruker ein del tid etter skulen på lekser og anna skuclearbeid.

Kor nøgd er du med skulen du går på? Prosent i Kviteseid kommune og nasjonalt




”Trivselen i norsk skule er god. Dei fleste barn opplever gode relasjonar til lærarar og til dei andre elevane i klassen


Prosentdel som er nøgde med skulen dei går på. Blant gutter og jenter




Prosentdel som er nøgde med skulen dei går på. I Kviteseid kommune på ulike tidspunkt




Prosentdel som er einige eller ueinige i ulike utsegner om skulen




Prosentdel gutter og jenter som er einige i ulike utsegner om korleis dei har det på skulen



Kor mange som er einige i utsegner om korleis dei har det på skulen. I Kviteseid kommune på ulike tidspunkt




Omtrent kor lang tid bruker du på lekser og anna skulearbeid i løpet av ein vanleg dag?




” Det er stor variasjon i kor myke tid barn bruker på skulearbeid på fritida

Prosentdel som bruker ein halv time eller meir på lekser og anna skulearbeid ein vanleg dag. Blant gutter og jenter



Prosentdel som bruker ein halv time eller meir på lekser og anna skulearbeid ein vanleg dag. I Kviteseid kommune på ulike tidspunkt




Lekser og anna skulearbeid

Ungdata junior kartlegg kor lang tid barna bruker på lekser og anna skulearbeid. Barna blei bedne om å oppgje kor lang tid dei vanlegvis bruker på dette ein vanleg dag utanom skuletida. Spørsmålet kan vere vanskeleg å svare heilt presist på. Mange vil bruke noko tid enkelte dagar og mykje tid andre dagar. Det er likevel eit spørsmål som nesten alle barna har svart på.


Slik kjem barna seg til skulen

Frå nasjonalt hald er det eit mål at 80 prosent av barn og unge skal gå eller sykle til skulen. Ungdata junior kartlegg kor mange som går eller syklar, blir køyrde i bil eller bruker kollektivtransport til skulen.


Korleis kom du deg til skulen i dag?




Prosentdel som gjekk eller sykla til skulen den dagen undersøkinga blei gjennomført. Blant gutter og jenter




Gruer du deg veldig når du skal ha ein prøve?




Kjenner du deg redd dersom du må snakke framfor klassen?




Prosentdel som ganske eller veldig ofte gruer seg veldig når dei skal ha ein prøve. Blant gutter og jenter




Prosentdel som ganske eller veldig ofte kjenner seg redde dersom dei må snakke framfor klassen. Blant gutter og jenter



Prosentdel som ganske eller veldig ofte gruer seg veldig når dei skal ha prøve. I Kviteseid kommune på ulike tidspunkt



Prosentdel som ganske eller veldig ofte kjenner seg redde dersom dei må snakke framfor klassen. I Kviteseid kommune på ulike tidspunkt



Lokalmiljøet


Å vekse opp tyder å vekse opp på ein bestemd stad. Ulike nærområde og lokalmiljø gjev ulike moglegheiter for aktivitetar og sosialt samvær. Tilgangen til organisasjonar, fritids- og kulturtilbod påverkar korleis kvar enkelt kan utfalte seg, og bidreg samstundes til å skape identitet og tilhørslig i eit nærområde. Det same gjeld tilgangen på opne møteplassar, rekreasjonsområde og urort natur.

Barn og unge bruker nærområdet i større grad og på ein annan måte enn vaksne. Trygge nærområde med god tilgang til ulike møteplassar er derfor spesielt viktig for velferd og trivsel hos barn. Barn og unge kan òg ha andre meininger enn vaksne om kva som gjev livskvalitet i nærområdet. Det er derfor viktig å spørje barna sjølv om korleis dei opplever nærområdet.


I Ungdata junior blei barna spurde om kor nøgde dei er med nærområdet der dei bur. Det store fleirtalet er nøgde. På landsbasis svarte om lag tre av fire at dei er svært nøgde. Omtrent kvart tiande barn er derimot lite eller ikkje nøgde.

Det vil vere spesielt viktig for barn å kjenne seg trygge når dei ferda ute. På landsbasis svarer 7 av 10 barn at dei er veldig trygge når dei ute i området der dei bur. Samstundes er det ei mindre gruppe som ikkje opplever at det er trygt. Situasjonen er mykje lik for spørsmålet om kor trygge barn kjenner seg på veg til og frå skulen. 6 av 10 kjenner at skulevegen er svært trygg, og ein mindre del opplever at det ikkje er trygt.

Kor godt nøgd er du med nærområdet der du bur? Prosent i Kviteseid kommune og nasjonalt




Prosentdel som er nøgde med nærområdet der dei bur. Blant gutter og jenter




”Eit trygt og godt lokalmiljø som legg til rette for aktivitet og sosialt samvær, betyr mykje for barna sine liv


Prosentdel som er nøgde med nærområdet der dei bur. I Kviteseid kommune på ulike tidspunkt




Kor trygg kjenner du deg når du er ute i området der du bur?




Kor trygg kjenner du deg på veg til og fra skulen?




Prosentdel som kjenner seg ganske eller svært trygge når dei er ute i området der dei bur. Blant gutter og jenter




Prosentdel som kjenner seg ganske eller svært trygge når dei er ute i området der dei bur. I Kviteseid kommune på ulike tidspunkt



Prosentdel som kjenner seg ganske eller svært trygge på veg til og fra skulen. Blant gutter og jenter



Prosentdel som kjenner seg ganske eller svært trygge på veg til og fra skulen. I Kviteseid kommune på ulike tidspunkt



Fritid

Barn har rett til fritid og like mogleheter til å vere med på ting. Organiserte aktivitetar med vaksne til stades utgjer ein viktig arena som tilbyr barn andre erfaringar enn det dei vanlegvis opplever i skulen, i uformell leik, gjennom sosiale medium eller gaming. Samstundes er deltaking i faste fritidsaktivitetar avhengig av at foreldra har ressursar, både når det gjeld oppfølging og betalingsevne.


Ungdata junior viser at dei aller fleste barna er med på faste, organiserte fritidsaktivitetar, gjerne fleire gonger i veka. Idretten står sterkt som den organiserte fritidsaktiviteten aller flest barn driv med. Det er også ein del som spelar eit instrument eller syng, eller som går på teater eller dans.

Skjermaktivitetar spelar ei viktig rolle i kvardagen til alle barn i dag, og er relevante både i skullearbeidet og i barna sitt sosiale liv. Smarttelefonar, nettbrett og online gaming gjer at barn og unge kjem i kontakt med andre på nye måtar.


Ungdata junior viser at dei fleste barna bruker ein god del tid framfor ein skjerm etter skuletid. Det er likevel stor variasjon når det gjeld kor mykje tid barna bruker på slike aktivitetar. Generelt bruker gutar i denne alderen meir tid på skjermaktivitetar enn jenter, noko som først og fremst har å gjere med at gutane bruker langt meir tid enn jentene på gaming. Jentene bruker derimot meir tid enn gutane på sosiale medium.

Elles driv barn med eit stort mangfold av aktivitetar på fritida. Ein god del bruker kveldane til å slappe av for seg sjølv. Pass eller stell av dyr, religiøse aktivitetar og fritidsklubb eller juniorklubb er også aktivitetar som har ein sentral plass i fritida til barna.

Er du med på nokre faste fritidsaktivitetar for tida?




Prosentdel som er med på faste fritidsaktivitetar. Blant gutter og jenter




“ Dei aller fleste barn er med på éin eller fleire faste fritidsaktivitetar, og mange bruker fleire kveldar i veka på slike aktivitetar


Prosentdel som er med på faste fritidsaktivitetar. I Kviteseid kommune på ulike tidspunkt




Prosentdel som driv med ulike typar faste fritidsaktivitetar




Kor mange kveldar (måndag til fredag) barn er med på faste fritidsaktivitetar. Blant dei som er aktive




Prosentdel som driv fast med idrett eller sport. Blant gutter og jenter




Prosentdel som er med på teater eller dans. Blant gutter og jenter




Prosentdel som spelar instrument eller syng. Blant gutter og jenter



Prosentdel som driv med ein annan fast fritidsaktivitet. Blant gutter og jenter




Prosentdel som driv med ulike typar faste fritidsaktivitetar. I Kviteseid kommune på ulike tidspunkter




Tenk på fritida di utanfor skulen. Kor ofte trenar du eller driv med sport?



Prosentdel som trenar eller driv med sport minst ein dag i veka. Blant gutter og jenter



Prosentdel som er på fritidsklubb eller juniorklubb minst ein gong i løpet av ei veke Blant gutter og jenter



Trening og sport


Dei aller fleste barn i Noreg driv med ein eller annan form for trening eller sport. På landsbasis seier berre 14 % av barna at dette er noko dei aldri driv med. Dei fleste barna trener eller driv med sport 1–4 dagar i veka. Mange gjer også dette 5 dagar i veka eller meir.

Det er som oftast litt fleire gutter enn jenter som driv med sport eller idrett.


Kjønnsforskjellane er størst blant dei mest aktive. Talet på gutter og jenter som aldri trenar eller driv med sport, er omtrent like stor.

På landsbasis er det store sosioøkonomiske forskjellar når det gjeld kor mange som trenar eller er aktive i sport. Blant barn med høg sosioøkonomisk bakgrunn er delen som trenar eller driv med sport minst ein dag i veka 83 %, mens den tilsvarende delen blant barn i lågare sosiale lag er 63 %.


Prosentdel som trenar eller driv med sport minst ein dag i veka. I Kviteseid kommune på ulike tidspunkt




Prosentdel som er på fritidsklubb eller juniorklubb minst ein gong i løpet av ei veke I Kviteseid kommune på ulike tidspunkt




Omtrent kor ofte barn vanlegvis gjer ulike ting på fritida. Prosent



Prosentdel som vanlegvis minst ein kveld i veka slappar av for seg sjølv størsteparten av kvelden. Blant gutter og jenter




Prosentdel som vanlegvis minst ein kveld i veka er sosiale på nett eller mobil størsteparten av kvelden. Blant gutter og jenter




Prosentdel som vanlegvis minst ein dag i veka driv med følgjande aktivitetar. I Kviteseid kommune på ulike tidspunkt


■ Slappar av for deg sjølv størsteparten av kvelden ■ Speler eit instrument ■ Deltek i religiøse aktivitetar




Tenk på ein vanleg dag etter skulen. Omrent kor mange timar bruker du til saman på aktivitetar framfor ein skjerm? Ikkje ta med skulearbeid.



Prosentdel som bruker tre timar eller meir framfor ein skjerm ein vanleg dag etter skulen. Blant gutter og jenter




Prosentdel som ser på TV/filmar/seriar/YouTube ein time eller meir ein vanleg dag etter skulen. Blant gutter og jenter




” Det er stor variasjon mellom barn når det gjeld kor mykje tid dei bruker framfor ein skjerm i løpet av ein vanleg dag


Prosentdel som bruker tre timar eller meir framfor ein skjerm ein vanleg dag etter skulen. I Kviteseid kommune på ulike tidspunkt




Prosentdel som er på sosiale medium ein time eller meir ein vanleg dag etter skulen. Blant gutter og jenter




Omtrent kor mykje tid barn bruker på ulike medium ein vanleg dag etter skulen. Prosent




Prosentdel som bruker ein time eller meir på følgjande aktivitetar ein vanleg dag etter skulen. I Kviteseid kommune på ulike tidspunkt



Prosentdel som speler dataspel/TV-spel ein time eller meir ein vanleg dag etter skulen. Blant gutter og jenter



Prosentdel som les bøker ein time eller meir ein vanleg dag etter skulen. Blant gutter og jenter



Helse

Kor nøgde barna er med eiga helse, opplevingar av helseplager og vonde eller vanskelege tankar og kjensler, er viktige indikatorar for fysisk og psykisk helse. Ungdata junior viser at dei fleste barn er nøgde med si eiga helse. Samtidig er det ein god del som oppgjev at dei ofte har hovudverk, vondt i magen eller kvalme. Ein del oppgjev også at dei ofte er lei seg, nedfor eller på gråten, og ein del blir ofte sinte. Å ha nokon å snakke med om triste eller vanskelege ting er viktig for å meistre dei utfordringane livet gjev. Ungdata junior viser at dei aller fleste opplever å ha nokon å snakke med.

Eit sunt og variert kosthald er ein viktig føresetnad for god helse og trivsel. Det vi et og drikk påverkar også korleis ein fungerer i det daglege. Svoltne barn kan til dømes ha vanskar med å konsentrere seg på skulen. Sidan kosthaldsvanan blir etablerte tidleg i livet, er det viktig å vite noko om kosthaldsvananane hos barn og ungdom. Ungdata junior kartlegg kor ofte barna et frukost og lunsj eller nistepakke i løpet av ei vanleg skuleveke. Det blir vidare kartlagt kor ofte dei et grønsaker, salatar, frukt og bær.

Nok sovn påverkar korleis ein fungerer i det daglege. Problem med å sovne og søvnmenge påverkar konsentrasjon og generelt velvære. Over tid kan for lite sovn påverke den fysiske og psykiske helsa negativt. Resultata frå Ungdata junior viser at dei fleste barna sørn innanfor rammene av det som er anbefalt, som i denne aldersgruppa er 9–10 timer. Men undersøkinga viser også at ein god del får for lite sovn, og at fleire har problem med å sovne.

Det er ikkje uvanleg at barn i denne aldersgruppa bruker smertestillande tabletter. På landsbasis svarer om lag eitt av fire barn at dei har brukt slike tabletter i løpet av den siste veka før undersøkinga.

Kor nøgd er du med helsa di?




Eigenvurdert helse


Eigenvurdert helse er ein viktig indikator for sjukelegheit og bruk av helsetenester og blir brukt til å overvake befolkninga sin helsestatus over tid.

Gutar er i gjennomsnitt noko meir nøgde med si eiga helse enn jenter.


Prosentdel som er nøgde med helsa si. Blant gutter og jenter




Prosentdel som er nøgde med helsa si. I Kviteseid kommune på ulike tidspunkt




Kor ofte barn i løpet av ei vanleg skuleveke bruker å ete frukost og lunsj



